

Til landets fastlegar

Dykkar ref.:  
Vår ref.: 15/3500-16  
Sakshandsamar: Vibeke Fraenkl  
Dato: 12.05.2016

## Ny nasjonal IKT-løysing for fastlegeordninga

Måndag 6. juni kjem det ei ny nasjonal IKT-løysning for fastlegeordninga.

### Kva tydar dette for deg som fastlege?

Du vil ta i mot fastlegelistene (pasientlistene) på akkurat same måte som før, her vil det ikkje vere endring.

Dei viktigaste endringane som kjem i juni er:

- Høve til å legge inn informasjon om delelister. Det vil seie at det vil vere synleg om to legar deler ei fastlegeliste. Dersom du har deleliste, kan du melde det inn til din kontakt i kommunen, som deretter må melde dette vidare inn til Helfo.
- helsenoreg.no sine sider for å søke på og bytte fastlege vert nye, og vil innehalde betre informasjon om fastlegen og fastlegekontoret. Til dømes vil det komme fram om fastlegen deler liste med ein annan lege eller om det er ein vikar som har lista.

Det er planlagt fleire forbetringar hausten 2016. Mellom anna tek vi sikte på at bytte av fastlege skal tre i kraft fylgjande verkedag, i staden for den 1. i neste månad, som i dag. Det kjem meir informasjon om dette seinare.

### Ikkje høve å bytte fastlege ved overgang til ny løysing

I samband med overgangen til ny løysing, vil dei fleste tenestene ikkje vere tilgjengelege frå og med onsdag 1. juni. Nedetida gjer at:

- Innbyggjarar ikkje kan bytte fastlege, korkje på helsenoreg.no eller ved å ringe 800HELSE (800 43 573). Det vil heller ikkje vere mogleg å søke i oversikt over fastlegar på dei opne sidene.
- Sakshandsamarar hos Helfo kan ikkje legge inn nye fastlegeavtalar eller endre eksisterande avtalar.

Tenestene skal etter planen vere tilgjengelige att frå og med måndag 6. juni. I den fyrste perioden kan systemet vere treigt eller ustabil.

#### HelseDirektoratet

Seksjon analyse og utvikling

Vibeke Fraenkl, tlf.: 47875709

Postboks 7000 St. Olavs plass, 0130 Oslo • Besøksadresse: Universitetsgata 2, Oslo • Tlf.: 810 20 050

Faks: 24 16 30 01 • Org.nr: 983 544 622 • postmottak@helsedir.no • www.helsedirektoratet.no

Du kan kontakte Helfo rettleiing for helseaktørar på 815 70 070 eller [post@helfo.no](mailto:post@helfo.no) om du har spørsmål.

Vennleg helsing

Steinar Mathisen e.f.  
divisjonsdirektør

Paul Richard Åstrand  
avdelingsdirektør

*Dokumentet er godkjent elektronisk*